



SULA KOMMUNE

Strategi for kvalitetsutvikling i arbeidet med barn og unge, Kultur og oppvekstsektoren
2017-2021



Innleiing

Samfunnet er med god fart på veg inn i ein fulldigitalisert kvardag som endrar måten vi lever på, kommuniserer på - og ikkje minst arbeider på - radikalt. Tradisjonelle yrke forsvinn og nye kjem til. For å ha eit godt og trygt liv i eit slikt samfunn, må ein mestre andre ting enn tidlegare. Spørsmåla vi må stille oss, er; kva treng barn av dugleik og kompetanse i eit 20- 30 årsperspektiv? Og kva gjer vi vaksne for å gi dei slikt grunnlag? Kort sagt; korleis påverkar tilsette i dei kommunale tenestene våre, i samarbeid med føresette, denne reisa som borna startar frå dei er fødde?

I Kultur- og oppvekstsektoren i Sula har vi bak oss ein periode (2011-2016) med fokus på *profesjonsutvikling* i alle ledd. I fellessamlingar og leiarnettverket har det vore satsa på å bygge *ein felles kultur* der ulike fagperspektiv bidreg med sin kompetanse til eit godt resultat for born og familiar. Vi har ønska å redusere graden av flaks/uflaks for barnet til eit minimum - gjennom å utvikle felles forståing av kva som er gode grep i leiarskapet når du har medansvar for danninga til alle borna i kommunen, og gjennom å etablere ein felles standard for kvaliteten i kvart møte med innbyggjarane. Den viktigaste kompetanseutviklinga for å lukkast med dette prosjektet, skjer på arbeidsplassen og i nettverk med andre arbeidsplassar. Stikkord er lærande møter med kunnskapsutvikling og medskaping, refleksjon over eigen praksis - og oppfølging av kvar tilsett og av kritiske rammefaktorar for å mestre ny praksis (Leiarplattforma, s 4).

«Born og unge i Sula fortener at vi har høge ambisjonar og eit solid verdigrunnlag i dette arbeidet»

I den kommande perioden (2017- 2021) har vi nytta metaforen *Læringsreise* for dei første femten åra i livet til borna. Kva bør eit barn ha erfart og meistra på ulike trinn i læringsreisa? Og korleis kan vi endre på det faktum at læringsreisa i Sula framleis er ei analog reise i eit digitalt landskap? Når og korleis hjelper vi dei som strevar? Korleis bidrar vi til å legge grunnlaget for ei robust folkehelse gjennom sunne og varierte fritidsarenaer? Metaforen bidreg til ei felles forståing og samla fokus for utviklings- og kvalitetsarbeidet i dei kommande fire åra. Vi har definert tre kjerneområde der tilsette i barnehagar, skule, TBU og kultur kan påverke denne reisa: Pedagogisk leiarskap (basert på verdiar,

barne - og læringssyn og samfunnsmandat), didaktikk (ser føresetnader hos barnet, innhald og metodikk, utstyr og tilpassing i samanheng) og læringsmiljø (trygt, inkluderande og stimulerande).

Born og unge i Sula fortener at vi har høge ambisjonar og eit solid verdigrunnlag i dette arbeidet:

«KOMPETANSE OG ETIKK»

Barn som veks opp i Sula skal få lære det dei treng og vil – kort sagt bli gitt gode vilkår for å utvikle seg i tråd med sine føresetnader, uavhengig av kva helsesøster, barnehage, skule eller klasse dei soknar til. For den som treng ekstra hjelp for å nå måla sine og klare seg, skal einingane i oppvekst gjere ein positiv skilnad. Korkje born eller foreldre skal misse effekten av å bli møtt med respekt og høge forventningar om og når dei strevar.

MANDAT

«Vi bør bedømme leiarskap primært etter kva effekt det har på elevane, heller enn på dei vaksne» seier professor Viviane Robinson. Det betyr ikkje at vi ikkje legg vekt på gode arbeidsmiljø i einingane i oppvekst, men peikar heller på at borna si grunnleggjande utvikling og læring som plattform i livet, er eit primært prosjekt - og den viktige årsaken til at kommunen har ein oppvekstsektor.

FORVENTNINGAR TIL PEDAGOGISK LEIARSKAP I OPPVEKST

Gjennom å utøve verdibasert pedagogisk leiarskap, gjer leiarane i oppvekst sitt til at vi gjennom dei kommunale tenestene arbeider for å gi kvart barn eit godt utgangspunkt for livet vidare.

Leiarane i oppvekst skal difor

- ha god kunnskap om kva som har positiv effekt på barn si utvikling og læring.
- kjenne til kva praksis dei tilsette i eiga eining møter borna (og familien) med.
- kunne leie profesjonssamarbeidet i eininga slik at dei tilsette saman vidareutviklar ein felles kunnskapsbasert praksis.
- bygge relasjonar basert på tillit som bidrar til at kvar tilsett - og dermed eininga - lukkast med å implementere kunnskapsbasert praksis.
- kunne løyse komplekse problem som oppstår her og no».

(Frå leiarplattforma vår)

Dokumentet du er i ferd med å lese, skildrar korleis eigar vil arbeide for å vidareutvikle kvalitet i Kultur- og oppvekstsektoren (KO) i Sula kommune. Planen er eit bindeledd mellom sentrale styringsdokument og kommunen sitt Handlingsprogram for kvalitetsutvikling i perioden 2017-2021. Føremålet med planen er å ha eit styringsverktøy for leiarane i KO.

Ein strategisk plan skal gi eit overordna perspektiv på status og utfordringar, og angi prioritering og retning for arbeidet framover. At planen held strategisk nivå betyr at den må følgast opp av handlings- og prosjektplanar som gjer det mogleg å realisere (operasjonalisere) strategiane. Planen tek for seg kommunale hovudarenaer i oppveksten til borna; helsestasjon, barnehage, skule og kultur. Den omhandlar førebyggjande arbeid, dedikerte og selekterte oppgåver, og har hovudfokus på tenester i kultur- og oppvekstsektoren, jfr. kommunen sitt organisasjonskart.



Sula, juni 2017

Anne-Grethe Skjærseth
Kommunalsjef Kultur- og oppvekstsektoren

Innholdsfortegnelse

| | |
|----------------------------------------------------------------|----|
| Innleiing | 1 |
| Mandat og lovverk | 4 |
| Sula kommune - eit oversiktsbilete | 5 |
| Organisasjonen..... | 5 |
| Kultur- og oppvekstsektoren | 6 |
| Føresette som samarbeidspart | 6 |
| Kommunale tenester i Kultur og oppvekstsektoren | 6 |
| Driftseiningar med nøkkeltal | 7 |
| Interkommunalt samarbeid | 8 |
| Visjonen i kultur og oppvekst | 9 |
| Fokusområder 2017-2021 | 12 |
| Overordna målsetting for barnehage, skule, TBU og kultur | 12 |
| Pedagogisk leiarskap og utviklingsarbeid..... | 16 |
| Læringsmiljø og læringsleiing | 17 |
| Didaktikk 1 | 18 |
| Didaktikk 2 | 19 |
| Tidleg og tverrfaglig innsats 1 | 20 |
| Tidleg og tverrfaglig innsats 2 | 21 |
| Oppfølging av planen | 22 |

Mandat og lovverk

Overordna for barn sin oppvekst i Norge er FNs konvensjon om barns rettigheter. Barn sine rettar er også frå mai 2014 inntatt i Grunnlova gjennom nye §104. Under finn du ein oversikt over samfunnsmandatet til kultur og oppvekst. Vi er i eit paradigmeskifte med lovendingar, ny rammeplan for barnehagen og nye læreplanar i grunnskulen, endringar i barnehagelova, lov om barnevern og kvalitetskriterier for PPT (Udir). Kommunen har eit særleg ansvar for å følgje opp dette og dei formelle rettane som barn har, ved å legge til rette for gode oppvekstvilkår.

Samfunnsmandatet til Kultur og Oppvekst

Lov og føreskrifter:

- *Lov om barnehagar*
- *Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa*
- *Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak*
- *Lov om barnevern*
- *Lov om offentlege styresmakters ansvar for kultur og verksemd (kulturlova) og Lov om folkebibliotek.*
- *Lov om helse- og omsorgstenestene, helsestasjon og skulehelse*
- *LK -06 Kunnskapsløftet (under fornying)*
- *Rammeplan for barnehagen*
- *Rammeplan for kulturskolen «Mangfald og fordypning»*

Nasjonale føringar:

- *Rammeplan for lærarens profesjonsfaglige digitale kompetanse (Udir)*
- *Meld. St. 28 (2015-2016) Fag-Fordypning-Forståelse – En fornyelse av kunnskapsløftet*
- *Meld. St. 19 (2015-2016) Tid for lek og læring*
- *Meld. St. 24 (2012-2013) Framtidens barnehage*
- *Meld. St. 20 (2012-2013) På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen*
- *Meld. St. 22 (2010-2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter Ungdomstrinnet*
- *Meld. St. 18 (2010-2011) Læring og Fellesskap*
- *Meld. St. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen*
- *Meld. St. 21 (2016-2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skulen*
- *Kompetanse for kvalitet. Strategi for etter- og vidareutdanning 2012-2015*
- *Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere fram mot 2025*
- *Strategi for kompetanse og rekruttering i barnehagen 2014-2020*
- *NOU 2015:8 Framtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser*
- *NOU 2014:7 Elevenes læring i framtidens skole – Et kunnskapsgrunnlag*
- *NOU 2016:16 Ny barnevernslov – Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse*
- *NOU 2015:2 Å høre til -Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*
- *NOU 2016:14 Mer å hente - Bedre læring for elever med stort læringspotensial*
- *Barnekonvensjonen*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Fylkesmannen er staten sin representant i fylket, og har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen er eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter. Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak, skal føre tilsyn med- og formidle relevant informasjon til kommunene. Fylkesmannen skal også halde sentrale styresmakter orienterte om viktige spørsmål i fylket.


Sula kommune - eit oversiktsbilete

- Det er ca 9007 Innbyggjarar i Sula kommune.
 - I 2016 vart det fødd 120 barn i kommunen.
 - 95,9 % av barna har barnehageplass.
 - 9,6 % av barna i barnehage er fleirkulturelle.
 - 2,17 % får særskilt språkopplæring i norsk i skulen.
 - 3,2 % får spesialpedagogiskhjelp i barnehage.
 - 8,9% i grunnskulen får spesialundervisning.
 - Talet på meldingar til PPT av individsaker stabilt høgt.
 - Talet på bekymringsmeldingar til barnevernet har auka og saker er alvorlege.
- (Data er henta i frå KOSTRA, BASIL og GSI 2016)



Organisasjonen

Rådmannen sitt mynde vert utøvd av rådmannen sjølv, 3 kommunalsjefar og vidare gjennom delegasjon til leiarane for den einsskilde driftseining.



Kultur- og oppvekstsektoren

Føresette som samarbeidspart

Foreldre utgjør normalt grunnpilaren i barnet sin oppvekst, og innhaldet i foreldreansvaret er definert i Lov om barn og foreldre §30. Sula kommune skal bidra til at barn og unge får ein god oppvekst gjennom gode kommunale tenester. Foreldreansvaret inneber å følgje opp og samarbeide med dei kommunale tenestene.

Foreldra sitt første møte med kommunen startar ofte under graviditeten, med tilbod om svangerskapsomsorg til vordande foreldre. Frå 0-3 år er helsestasjonen og barnehagen viktige kommunale tenester. Frå 3-6 år er barnehage, fritidsaktivitetar, nabolag og leikeplassar viktige. Frå skulealder er skule, SFO og fritidsaktivitetar viktige meistringsarenaer i kommunal regi. Vener får aukande meir å seie ettersom barnet veks til, noko som aukar behovet for attraktive møteplassar også i kommunal regi.

Kommunale tenester i Kultur og oppvekstsektoren

Barnehagar

Sula har pr. i dag ti barnehagar; fire kommunale, seks private (inkl. ein open barnehage).

Skular

Sula har i skrivande stund ein struktur med fem grunnskular; fire barneskular og ein ungdomsskule. Når ny skule på Rørstad står ferdig, vil det vere 3 barneskular i Sula. I tillegg har kommunen vaksenopplæring.

Skulefritidsordning (SFO)

Det er etablert SFO ved alle barneskulane i Sula for barn i 1.-4. årstrinn, og for 5.-7. trinn for born med funksjonshemming.

TBU- Tiltakseining for barn og unge

TBU har tre fagområde som arbeider etter ulike lovverk og på ulike innsatsnivå; Barneverntenesta, Pedagogisk psykologisk teneste og Helsestasjonen. I tillegg er bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar (EMF) lagt til tiltakseininga, organisatorisk knytt til barneverntenesta.

Kultur

Kommunale tenester innan kultur er bibliotek, kulturskule og ungdomsarbeid (fritidsklubb og utekontakt). I tillegg rettar kulturadministrasjonen sitt arbeid mot friluftsliv, idrett, kulturminnevern, kulturarv og kulturutvikling gjennom eit aktivt samarbeid med andre kommunale instansar, samt frivillig og profesjonelt kulturliv.

Kommunepsykolog

Sula kommune tilsette i 2016 kommunepsykolog, som også skal kunne rettleie og gje konsultasjon til barn, føresette og tilsette i barnehage, skule og TBU (organisatorisk lagt til helseavdelinga).

Driftseiningar med nøkkeltal

| Eining | Styrrar | Talet på barn | Årsverk |
|-----------------------------------|-------------------------|---------------|---------|
| Kommunale: | | | |
| Molvær barnehage | Anne Kari Vadset | 68 | 16 |
| Langevåg barnehage | Hanne Lise Dybvik Sunde | 106 | 25,5 |
| Måseide barnehage | May Torvnes Dybvik | 67 | 16 |
| Sunde barnehage | Britt Kleppe | 37 | 9 |
| Private: | | | |
| Vasset barnehage | Marianne Nilsen | 21 | 6,3 |
| Hatlebakken barnehage | Anne-Brit Magnussen | 20 | 4,2 |
| Rørstadmarka barnehage | Kristin Valen Håland | 57 | 13,2 |
| Nymarkbakken barnehage | Randi Alnes | 130 | 27,3 |
| Gnist barnehager Bjørkavåg | Therese Kihle Urke | 154 | 31,3 |
| Open barnehage | Astri Lindquist | 15 | 0,3 |

| Eining | Rektor | Sfo-leiar | Talet på elevar | Årsverk |
|---------------------------|----------------------|----------------------|-----------------|---------|
| Langevåg skule | Marit Tone Aasen | Maren Kristoffersen | 456 | 47,40 |
| Fiskarstrand skule | Janne Lise D. Lundbø | Lene Kupaen Grimstad | 143 | 18,46 |
| Måseide skule | Janne Lise D. Lundbø | Gunn Vedlog | 87 | 11,54 |
| Solevåg skule | Steinar Hide | Elisabeth Nergård | 229 | 26,03 |
| Sula ungdomsskule | Hildegunn Pedersen | | 326 | 38,61 |
| Vaksenopplæringa | Arne Birkeland | | 25 | 2,9 |

| Eining | Leiar | Fagleiar | Årsverk |
|-----------------------------------------|---------------|-----------------------|---------|
| Tiltakseining barn og unge (TBU) | Lindis Akslen | | 1 |
| Helsestasjon/skulehelseteneste | | Liv Standal | 9,75 |
| Barnevern | | Nina Grønman | 8,75 |
| Einslege mindreårige flyktningar | | Olav Hoff | 8 |
| Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) | | Synnøve Molvær Vågnes | 8,5 |

| Eining | Leiar | Fagansvarleg | Årsverk |
|----------------------------|---------------|----------------------|---------|
| Kultur | Ingunn Krosby | | 0,80 |
| Utekontakt og fritidsklubb | | Perdy Elsa Klemetsen | 1,77 |
| Bibliotek | | Elisabeth Kjerstad | 2,35 |
| Kulturskulen | | Ingolf Dragset | 4,89 |



Interkommunalt samarbeid

eKommune Sunnmøre er etablert for å gi kommunane gode, framtidsretta og kostnadseffektive IT-løysingar, som igjen vil bidra til enda betre tenester til innbyggjarane. Styret i eKommune Sunnmøre består av rådmennene i kommunane som per i dag deltek i samarbeidet. Det er Ålesund, Sula, Skodje, Giske, Haram, Sandøy, Ørskog og Norddal kommune. I oppvekstsektoren arbeider ein med å forbetre styringa, med å ta i bruk meir moderne og framtidsretta løysingar og med integrasjon med andre IT-løysingar i kommunane. Sett i lys av kommunereforma, kan organiseringa endre seg i perioden.

Sunnmøre regionråd (SR) skal bidra til ei positiv utvikling i medlemskommunane og i regionen samla. SR leiar samarbeid på fleire område, oppvekst er eit av desse områda. Målsettinga med SR oppvekst er å bidra til kvalitets- og kompetanseheving innan barnehage og skule i regionen nordre Sunnmøre. Dette skal skje ved å etablere felles arenaer, arrangement og delprosjekt. Sunnmøre regionråd oppvekst har fleire satsingsområde. Dette er område som kommunane prioriterer med tanke på kompetanseheving for skule og barnehage.

Mission Possible skal bidra i arbeidet med born i risiko, på tvers av alle offentlige instanser med ansvar for tenestetilbod til barn, unge og familiar. Målsettinga er å styrke samhandlingskapabiliteten til aktørane for å sikre at disse barna blir sett og får den hjelpa dei treng til rett tid. Veldig mange born og unge i Norge er utsett for risiko som kan skade helsa og utviklinga deira. Å hjelpe born i risiko er noko av det viktigaste ein kan gjere i samfunnet.




Visjonen i kultur og oppvekst

Barn som veks opp i Sula skal oppleve relevans, utfordringar, samanheng og mestring kvar dag i læringsreisa si. Alle skal møte høge forventningar og få kompetent hjelp når dei treng det. Barn som veks opp i Sula, skal fullføre vidaregåande skule.



Visjonen er eit resultat av ein prosess i eigen organisasjon, inspirert m.a. av ekskursjon til New Zealand og refleksjonsøktar og lærande møter i leiarnettverket i KO. Vi kallar visjonen vår for «Læringsreisa» og er opptekne av korleis vi gjennom vårt arbeid på ulike nivå, påverkar denne. Visualisert ser visjonen slik ut:

Slik påverkar vi barnet si læringsreise



Som nemnt i innleiinga skal Læringsreisa bidra til felles forståing og samla fokus for kvalitetsarbeidet i planperioden. Kjerneområda i barnet si læringsreise har vi definert som pedagogisk leiarskap, didaktikk og læringsmiljø.

Utgangspunktet er at uavhengig av bakgrunnen og føresetnadane til barnet, og kva tradisjon for læring barnet er vant med heimanfrå, så påverkar tilsette læringsreisa gjennom vår innstilling. Arbeid med barn og unge si danning (utvikling og læring) krev både kompetente, tydelege og varme vaksne. Danning skjer ikkje i isolasjon, men i samspel mellom barn og vaksne - og barn imellom. Kunnskapsbasert og systematisk innsats og tverrfagleg samarbeid, skal sikre at Læringsreisa gir barnet ein likeverdig og god start på livet i Sula, og dermed også eit godt grunnlag for å fullføre vidaregåande skule og kome i arbeid. Den viktigaste ressursen ligg i personalet sin kompetanse og kapasitet. Både formell kompetanse, at ein er eigna og får rettleiing, er viktig når ein skal arbeide med barnet si utvikling og læring. I barnehagen er personalet, i tillegg til foreldra *nøkkelpersonar* i ein god oppvekst. Ilag med helsestasjonen er dei dei næraste til å fange opp tidleg om nokon treng hjelp. På skulen er betydinga av den profesjonelle læraren og ein tydeleg kollektiv praksis godt dokumentert. Personalet og læraren som får gode relasjonar til elevane, som er trygg fagleg og didaktisk, og kan skape augneblikk der faget opnar seg for barnet og barnet for faget (Klafki), og er ein god klasseleiar, får elevar som trivst fordi dei meistrar og yter sitt beste. Dess betre relasjon læraren har til kvar elev, dess betre vert forholdet mellom elevane. Dette demmer igjen opp for mobbing og styrkar miljøet.

Både helsestasjonen, barnehagen og skulen i Sula skal ha rom for alle og ha blick for den einskilde sine behov. I læringsreisa sett vi fokus på tydelege og varme (autoritative) vaksne, val av relevant innhald, varierte arbeidsmåtar og trygge og stimulerande læringsmiljø, frå før barnet vert fødd og ut ungdomsskulen. Det vi gjer skal vere kunnskapsbasert; vi skal vite kvifor vi gjer dét og ikkje noko heilt anna.

Godt leiarskap er avgjerande for å lukkast i arbeidet. Felles plattform for leiarskap definerer verdi- og teorigrunnlaget for leiarskapet. Metoden for systematisk organisasjonsutvikling som leiarane skal nytte i si eining for å utvikle ein lærande organisasjon, styrkar medskaping og god praksis. Når leiarane er gode prosessleiarar i eige personale, påverkar det utviklinga til barnet direkte (Robinson). PPT, helsestasjonen/skulehelsetenesta og barnevernet gir kompetent bistand til andre profesjonsgrupper i førebyggjande og hjelpande arbeid.

Innsatsen i sektoren har tre innsatsnivå; universell, selektert og indikert innsats. Dei fleste barna greier seg med innsatsen på universelt nivå, når den er av god kvalitet. Dette er innsatsen som skjer kvar dag i barnehagen, på skulen, på helsestasjonen, og evt. under rettleiing av andre som PPT. Barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar treng selektert innsats som m.a. tverrfaglege tiltak og samarbeid. Det er også barn og føresette som har behov for særskilde tiltak/indikert innsats for å skape endring. Dette kan vere tiltak retta mot familien og/eller barnet, etter tilrådingar og vedtak. Det er god samfunnsøkonomi at kommunen har kompetanse til å identifiserer dei som har vanskar og sette inn tiltak/gi hjelp. Hjelp frå barnevernet kan i enkelte høve gis til fylte 23 år.

Når vansken er oppdaga, må kommunen ha kapasitet til å bidra til å endre situasjonen som hemmar/hindrar god utvikling.

Førebyggjande innsats og trygge og gode oppvekstvilkår, inneber at ein må oppretthalde og vidareutvikle førebyggjande tilbod, både i form av helserelaterte og pedagogiske tiltak - og fritidstilbod.

Dei same barna som går i barnehage og på skulen, finn ein i fritida på ulike kulturarenar, der skjer danning og. Men ikkje alle finn vegen dit på eiga hand. Konsistente vaksne som bryr seg om «heile mennesket», styrkar den enkelte sine muligheiter til å få ein god oppvekst på fleire arenaer. Kultursatsinga i kommunen skal bidra til å skape trygge og gode oppvekstmiljø, arbeide førebyggjande, motivere, vere synlege i miljøet og oppsøkje barn/unge når det er behov for det.

Overordna strategiske grep

- > Gjennom årlege samlingar for alle tilsette, med innspel frå anerkjente kompetansmiljø; byggje ein kollektiv kultur for arbeidet med oppveksten til borna i Sula.
- > Gjennom erfaringsutveksling og kunnskapsdeling i leiarnettverket på tvers av einingane; utvikle felles kommunale kvalitetsstandardar på kjerneområda og trygge leiarskap i alle ledd.
- > Gjennom systematisk einingsbasert kompetanseutvikling; styrke ein kunnskapsbasert felles forståing for arbeidet med danning (samt feilutvikling og manglande utvikling) – og ein kollektivt medviten praksis i møta med kvart barn.
- > Gjennom erfaringsutveksling og kunnskapsdeling i ulike fagnettverk (t.d. 1.klassenettverket og utvikling av kartleggingsprogram) på tvers av einingane; utvikle felles kommunale kvalitetsstandardar på fagområda («del og stjel» gode grep).
- > Gjennom deltaking i interkommunale nettverk (t.d. Mission Possible og Sunnmøre regionråd) og nasjonale prosjekt (t.d. Ungdomsstrinnsatsinga) få vere del av kompetansetiltak for spesifikke fagområder som er for små til at vi kan klare dei aleine.
- > Gjennom å skape fellesarenaer og dele kunnskap og erfaringar med føresette; byggje tillit og styrke vilkåra for at borna sin oppvekst er god.
- > Gjennom strukturelle grep og tverrfagleg innsats; sørge for å oppdage born i risiko så tidleg som mogleg slik at dei kan få hjelp.

Nokre av problemstillingane vi må vere opptekne av ved inngangen til perioden:

Lærelyst, relevans og progresjon: Korleis kan eigar og tilsette i KO bidra til at kvar den som veks opp i Sula beheld lærelysta, samt trua på at dei kan bli «det beste dei kan vere», gjennom heile oppveksten?

Livsmestring og folkehelse: Korleis kan eigar og tilsette i KO bidra til at kvar den som veks opp i Sula utviklar ei robust psykisk og fysisk helse og god samhandlingskompetanse?

Djupdelæring og samanheng: Korleis kan eigar og tilsette i KO bidra til at kvar den som veks opp i Sula lærer å sjå ting i samanheng og samanhengen i ting?

Mål og mening i oppveksten når born

strevar: Korleis kan eigar og tilsette i KO bidra til at kvar den som veks opp i Sula og treng hjelp, lite eller mykje, får den hjelpa som skal til for å bli «det beste dei kan vere» i fellesskapen.

Motivert for læring?

- Forstår hva hun eller han skal gjøre
- Synes det er meningsfullt (virkelighetsnært) eller nødvendig
- Har tro på å kunne få det til (læringsoptimist)
- Tror at øving nytter


- Å få til (kompetanse)
- Få være med (tilhørighet)
- Kunne påvirke (autonomi)

(Selvbestemmelsesteori Deci & Ryan 1985)

Fokusområder 2017-2021

I komande 4-årsperiode vil det vere fokus på endringar i fleire lovverk, ny rammeplan i barnehage og kulturskule og nye læreplanar i skulen, og implementering av desse.

Med utgangspunkt i Læringsreisa vil hovudområda for arbeidet i Kultur og oppvekst i Sula vere:



Overordna målsetting for barnehage, skule, TBU og kultur

I Sula har vi ein kunnskapsbasert praksis i møtet mellom tilsette i kommunen og barn/unge i barnehage, skule, TBU, SFO, kulturskule, bibliotek, ungdomsklubb og utekontakt. Profesjonalitet og romslegheit pregar alle møte med barn/unge og deira føresette.

Pedagogisk leiarskap og leiing av utviklingsprosessar

I KO har vi saman utvikla ein felles plattform for leiarskap på alle nivå. Det berande prinsippet er brukarsentrert og verdibasert leiing. Ordet «leiing» kan brukast i den snevre tydinga av det ein gjer i dei prosessane og dei augeblikka ein leiar, medan omgrepet leiarskap kan ha ei vidare tyding; nemleg alt ein er, eller alt ein kan, som har betydning når ein utfører leiing (Stormoen 1996). Bruk av ulike leiarteknikkar eller metodar er da leiing, medan forståinga av desse og vala mellom dei, er leiarskap. Den pedagogiske leiarskapet i sektoren skal vere kunnskapsbasert på alle nivå - det vil seie etterstrebe kjennskap til, og dugleik i, det vi veit verkar. Slik sikrar vi at alle barn møter eit trygt og stimulerande, tilrettelagt leik- og læringsmiljø og får maksimalt utbytte av læringsreisa si og at dei som treng hjelp, får den hjelpa som skal til:





Fig 6. Viviane Robinson (University of Auckland) om elevsentrert leiarskap – elementa med størst effekt på elevane si læring. Effekstørrelse rangert i rekkefølge: Lede lærerane si læring og utvikling 0,84 -Etablere mål og forventningar 0,42 - Forsikre ser om kvaliteten på undervisninga som gis 0,42 - Strategisk bruk av ressursar 0,31 - Sikre et velordna og trygt læringsmiljø 0,27

Utviklingsarbeid er ein kontinuerlig prosess, som dannar grunnlaget for det pedagogiske innhaldet. Det betyr mellom anna å omsette intensjonar og mål i lovverk og forskrifter til praksis, t.d. slik at pedagogisk praksis er i tråd med ny rammeplan for barnehage og ny læreplan for skule.

Å være ein lærande organisasjon inneber og å kunne definere nye, ønska ferdigheiter og omsette desse til praktisk handling. Dette kan vere særleg utfordrande i ein kunnskapbedrift, der dei tilsette må sjå nytten før dei brettar opp ermene. Manglande resultat skuldast ofte at tiltak ikkje vert opplevd som relevante eller at dei ikkje vert implementert godt nok til å gi varig resultat. Å arbeide med endringsarbeid i sektoren krev gode medskapingsprosessar, samt fokus og tolmod over tid. For å lukkast med å vere ein lærande organisasjon som kan omsette gode intensjonar til opplevd endring for borna/elevane, har vi utvikla modellen under (forenkla versjon, for fullversjon vert det synt til leiarplattforma) for korleis leiarane byggjer organisasjonskapasitet i eigen eining:

Kollektiv utvikling (døme: skule-heimsamarbeidet)




I leiarutviklinga i KO har vi fokus på å dyktiggjere den enkelte i å leie personalet sitt gjennom dei ulike fasane i eit utviklingsarbeid, og å lære av eigne og kvarandre sine erfaringar. Vi ynskjer å byggje ein sterk felles kultur for å sikre at kvart barn utviklar seg til det beste dei kan vere.

Profesjonsutvikling lærar - læringsmiljø og læringsleing

Gode relasjonar er alfa og omega når ein skal skape gode lærings- og leikemiljø for barnet. Den autoritative vaksenstilen vert framheva som den beste i møte med barn, og difor den vi ynskjer skal kjenneteikne profesjonane i barnehage, skule og TBU. Den vaksne har då positiv kontroll, set tydelige grenser og har klare forventningar til barnet, samtidig som dei er varme og akseptierende.

Barn som møter autoritative vaksne som lyttar til behova og ønska deira, samtidig som dei tek vaksenkontroll for å ivareta interessene i fellesskapet, lærer seg sosialt akseptable normer for åtferd. Barna lærer seg å vente på tur, være vennlige, ta initiativ og møte nye utfordringar med nysgjerrighet, interesse og sjølvtilit.

Når læraren har gode relasjonar til kvart barn, styrkar det relasjonen mellom borna.




Internasjonale studier (IOCD) viser dessutan at i klasserommet er god vurderingspraksis (VFL) og god klasseleing mellom dei lærarferdigheitene som er mest effektive for å styrke elevane sitt utbytte av opplæringa. Det er grunn til å tru at det samme kan seiast om borna si deltaking i leikeaktivitetar i barnehagen; når vaksne er til stades, intervenerer i leiken og rettleier borna, er det bra for utviklinga deira.

Profesjonsutvikling lærar - didaktikk

Den didaktiske trekanten

«Læren om å lære bort»



Didaktikk blir gjerne forklart som undervisningslære, og omhandlar dei tre grunnspørsmåla; kva, korleis og kvifor. Felles plattform for pedagogisk leiarship i oppvekst forpliktar alle einingane i

oppvekstsektoren til å arbeide for å sikre relevans, samanheng og progresjon i barna si læringsreise, frå barnehage til ungdomsskule. Dette, sett i forhold til sentrale kompetanseområde for framtida (i barnehage og skule), har medført at ein har kome i gang med ein refleksjonsprosess i barnhagar og skular rundt barnet si læringsreise. Første runde har vore konsentrert om forventningar til kva barn bør meistre ved overgang til skulen, til mellomsteget og ungdomssteget.

I det vidare arbeidet vil ein i Sula ha særleg merksemd på ferdigheiter i lesing/skriving, digitale ferdigheiter, samhandlingskompetanse, livsmeistring og psykisk helse.

Profesjonsutvikling - tidleg og tverrfagleg innsats

Tidleg innsats er eit sentralt prinsipp og inneber ei prioritering av førebyggjande arbeid og allsidige tiltak. Tidleg innsats betyr at rett tiltak blir sett i gang når ein avdekkar behov for det, uansett alder, dvs tidleg i livet i livet - og tidleg når problem oppstår. Match mellom behovet til barnet/familien og tiltak er avgjerande; det kallar vi rett kompetanse til rett tid. Tidleg innsats er viktig om barnet si læringsreise skal vere optimal og føre fram. Tidleg hjelp kan hindre alvorleg problemutvikling og betre føresetnadane for ei positiv utvikling.

Tverrfagleg profesjonssamarbeid er avgjerande for gi eit kvalitetsmessig godt tenestetilbod til alle barn. TBU er etablert og organisatorisk lagt til oppvekstsektoren, for å ivareta mellom anna dette.

Tverrfagleg samarbeid må til for at barn/unge og familiar som har behov for kommunen sine hjelpetenester skal få heilskapleg oppfølging, og dette skjer i tett samarbeid med dei som arbeider med borna til dagleg, i barnehage og skule.

Rapporten «Utan mål og meining» (Barneombodet) avdekka at borna ikkje alltid opplever at tiltaka er gode eller verkar. Regjeringa vil lovfeste tidleg innsats (Jfr. St.meld. 21 2016/17) ved m.a. å innføre plikt til tverrfagleg samarbeid, ressursar til tidleg og intensiv lese- og skriveopplæring til elevar som heng etter, skjerpa krav til barnehagelærarar og styrka kvalitet i spesialundervisninga.



Målsetting

Leiarane skal evne å byggje og drive lærande organisasjonar, som er oppdatert og framtidsretta, og med fokus på kvart barn si utvikling og læring. Gjennom å utøve verdibasert pedagogisk leiarskap, skal ein bidra til å gi kvart barn eit godt utgangspunkt for livet vidare.

Pedagogisk leiarskap og utviklingsarbeid



Verktøy og strategiar for å nå måla

- Kvalitetssystemet i KO
Leiarplattformen i KO
Leiarnettverket i KO og rådmannen sine leiarsamlingar
- Styringsdialogmøta
- Strategi og prosjekt/utviklingsarbeid
- Brukarundersøkingar, nasjonale prøver, tentamen og eksamen
- Kulturbygging ved felles samlingar ved nytt arbeidsår i KO
- Vidareutdanning via Kompetanse for kvalitet-ordninga

Teikn på god praksis

- Alle som utøver leiarskap, uansett nivå, baserer seg på verdigrunnlag og teori i leiarplattforma vår – og bidrar til at den vert eit levande dokument
- Leiar nyttar handlingsrommet og legg til rette for personalet si læring og utvikling gjennom medskaping i utviklingsarbeid, stimulering til entreprenørskap og nyskaping og deltaking i regionale og nasjonale satsingar.
- Leiar vektlegg å utvikle ein organisasjon med brei kompetanse og høg kapasitet.
- Leiarar legg til rette for at tilsette får tilgang på, les og diskuterer faglitteratur og forskning, og det vert satsa systematisk på etter- og vidareutdanning for tilsette i KO.
- Leiar legg til rette for at de tilsette deler erfaringar og kritisk undersøker sin eigen praksis i eit profesjonelt læringsfellesskap. Modellen for bygging av organisasjonskapasitet vert nytta i alle einingar. Leiar følgjer opp alle tilsette og gir regelmessig tilbakemelding på utført arbeid i utviklingssamtalar og elles.
- Leiinga legg til rette for at personalet analyserer resultat frå observasjonar, nasjonale prøver, kartleggingar, karakterresultat, elev- og foreldreundersøkingar, følgjer opp desse i dialog med tilsette, born og føresette, og set i verk systematiske utviklingstiltak for å oppnå betre resultat som syter for at utviklinga til kvart barn er i sentrum.
- Endringsarbeid i tråd med t.d. ny rammeplan for barnehage, ny læreplan i skulen og ny barnevernslov pågår og gjenspeglar seg i praksis.

Målsetting

Dei vaksne er kompetente og trygge i arbeidet med barn i barnehage, skule og på kulturområdet. Læringskultur og vurderingspraksis skal ha læring som mål. Barn møter arbeidsmåtar som dei er fortrulege med. Borna og foreldra skal vere involvert og medverke i forhold til borna si utvikling og læring.

Læringsmiljø og læringsleiing



Verktøy og strategiar for å nå måla

- Mangfoldig tilnærming i arbeidsmåtar
- Ein kollektiv praksis på kjerneoppgåvene
- Felles involvering og engasjement i arbeidet med kvalitetsutvikling
- God oppfølging av ulike kartleggingar/observasjonar
- Profesjonskompetanse t.d vurdering for læring (VFL), ungdomstrinn i utvikling (UiU), klasseleiing, mobbing, dei utfordrande barna (DUB)
- Definerte kartleggingsprogram gjennom heile læringsreisa
- Nettverksarbeid i kommunen/regionen, samlingar for ressurspersonar

Teikn på god praksis

- Det er god kompetanse og sterke fagmiljø i barnehagane og skulane, og dei har kapasitet til å møte born med ulike utfordringar. TBU bistår i dette arbeidet.
- Ute- og innemiljø innbyr til allsidig fysisk aktivitet og samhandling.
- Det er fokus på felles forståing, førebyggjing og tidleg innsats. Den kollektive praksisen skal vere synleg og tydeleg for alle.
- Dei vaksne kjenner seg trygge i rolla si, på oppgåvene sine, har god kompetanse på arbeidsområda sine, og har god struktur på opplegg i avdelinga og i undervisninga.
- Alle barn har ein trygg relasjon til ein eller fleire vaksne. Dei vaksne støttar barna sine vennsksrelasjonar og er tilgjengelige for barna.
- Alle barn møter vaksne med god profesjonskompetanse. Dei skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventna av dei, også på sosiale kompetanse. Barna/ elevane blir motiverte for utvikling og læring, opplever at det dei lærer har relevans for dei og at det blir stilt høge og realistiske krav til dei.
- Dei vaksne har god kunnskap om kva mobbing er, nulltoleranse for krenkande åtferd og arbeider kontinuerleg med førebyggjing, avdekking og handtering av mobbing/krenking.
- Det er oppslag i skulegarden om vennskap og problemløysing.

Målsetting

Alle barn i Sula kommune skal utvikle lese- og skrivekompetanse, for å gi dei eit godt grunnlag for vidare utdanning, arbeidsliv og for å bli aktive deltakarar i eit stadig meir kunnskapsintensivt samfunn. Dette må gjelde for alle barn og elevar, også minoritetsspråklege, dei som har språkvanskar og lese- og skrivevanskar, og høgtpresterande elevar.



Lese- og skriveopplæringa



Teikn på god praksis

- Det er god kvalitet, samanheng og progresjon i arbeidet med språkutvikling, lesing og skiving i barnehagar, barneskular og ungdomsskulen og god, gjensidig kommunikasjon mellom barnehagar og skular om arbeidet.
- Felles plan/lesetrapp for språk-, lese- og skriveopplæringa i kommunen er utarbeidd og brukt aktivt.
- Det vert arbeid systematisk og kunnskapsbasert med begynnropplæringa i lese- og skivedugleik og ein sett raskt inn styrkande tiltak når det trengs.
- Elevane kjem tidleg i gang med å utvikle lese- og skrivekompetansen vidare og lærer å nytte ulike lese- og skrivestrategiar i den ordinære undervisninga i alle fag. Elevane utviklar sin kompetanse i forhold til stadig meir komplekse fagtekstar og ungdomsskulen arbeider vidare med lesing i alle fag.
- Sula er godkjend som språkkommune og har sertifiserte dysleksivennlege skular.
- Barnehagar og skular samarbeider tett med Sula bibliotek for å styrke leselest og lesekompetanse. Døme: Bibliotekbesøk, eventyrstunder, forfattarbesøk, teaterframсыningar, kultursekktilbod, sommarleskampanje, bokfest, skulestartfest, «nynorske lesefrø», «Nysgjerrigper» og utebibliotek.
- Det blir gitt konkrete tilbakemeldingar til kvar elev om resultat på kartleggingsprøver og nasjonale prøver, og elevane får jamnleg undervegsvurderingar knytt til lese- og skriveutviklinga. Føresette får informasjon om- og råd om korleis støtte opp om sitt barn si lese- og skriveutvikling, og heimen og skulen samarbeider om dette.
- Resultat på kartleggingsprøver og nasjonale prøver vert drøfta på trinn-/teammøte og evt. med PPT. Tiltak basert på funna vert drøfta og følgd opp, på elev- og systemnivå.


Verktøy og strategiar for å nå måla

- Mangfald i arbeidsmåter, relevant innhald og god progresjon
- Lesetrapp, lesprosjekt og lesing i alle fag på alle trinn
- Program for gjennomføring av kartleggingsprøver og oppfølging av desse
- VFL fortløpande, og i utviklingssamtalar og foreldresamtalar
- Gode rutiner for overgangar, bhg>småskule>mellomtrinn>u-trinn
- Nettverk for pedagogar i 1. og 2. klasse med PPT
- Nettverk for kompetansebygging om skulebibliotek

Målsetting

Alle barn i Sula kommune skal få erfaring og hjelp til å utvikle digitale ferdigheiter. IKT skal supplere barnehagane og skulane sine arbeidsmåtar, for å betre tilpasse opplæringa, motivere og støtte barn si utvikling og læring. Barn i Sula skal utvikle digital dømmekraft slik dei kan omgås andre i den digitale verda.

Didaktikk 2



Teikn på god praksis

- Barnehagelærarane og lærarane har digitale ferdigheiter, kunnskap og kompetanse i tråd med måla i ramme- og læreplanar
- Digitalt utstyr i klasseromma er i tråd med måla for opplæringa.
- Borna i Sula lærer å utøve god digital dømmekraft gjennom heile læringsreisa.
- Barn/eleva opplever digitale ferdigheiter som ei kjelde til mangfald i leik/læring, kommunikasjon og skaparkraft, og til å hente kunnskap.
- Barnehagelærarane og lærarane støttar og rettleier barna/elevane i å utforske og beherske ny teknologi
- Barnehagelærarane og lærarane utforskar saman med barna/elevane kva for applikasjonar eller program som kan nyttast inn mot ulike utviklingsområde og fag og korleis dette virkar inn på faget og læringa.
- PPT har kunnskap om digitale ferdigheiter, hjelpe- og læremiddel, og om ulike program/appar som kan bidra til god utvikling og læring

Verktøy og strategiar for å nå måla

- Skule- og lærarmentor
- IKTplan.no
- Rammeplan for lærernes profesjonsfaglige digitale kompetanse (PFDK)
- Strategiplan for digital kompetanse i barnehage og skule
- Lokale IKT-planer på den enkelte barnehage og skule
- Nettverk for ikt-kontaktene, i regi av rådgjevar oppvekst

Målsetting

I Sula kommune skal satsinga på tidleg og tverrfagleg innsats bidra til at alle elevane som går ut av ungdomsskulen fullfører vidaregåande skule. Barn og familiar som har behov for ekstra støtte og hjelp, skal få rett hjelp når vanskaner vert avdekka.

Tidleg og tverrfagleg innsats

1

Profesjonssamarbeidet

Ownership
Accountability
Responsibility

the magic line the magic line the magic line the magic line the magic line the magic line

Blame
Excuses
Denial

Teikn på god praksis

- Det er rutiner mellom barnehage, skule, heim og andre instansar ved overgangar.
- Informasjonsflyt og kompetanseoverføring er profesjonsorientert og bidreg til at barn/unge får ein god overgang.
- Det ordinære tilbodet i barnehagen og den ordinære opplæringa i skulen er mangfoldig, inkluderande og tilpassa, noko som gir mindre behov for særskilte tiltak; spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.
- Det er god kompetanse på helsestasjonen, i barnehagen, skulen og fritidsklubb/utekontakt til å førebygge, oppdage og hjelpe barn i risiko.
- Vi er opptekne av kva barnet opplever - og profesjonane lyttar til born (og eventuelt føresette) når ein er uroa og vurderer (nye) tiltak.
- God struktur og tydeleg ansvars plassering i profesjonssamarbeidet.
- Det er gode rutiner for samarbeid mellom sektorar og alle relevante hjelptenester.
- Barn/unge og familiar har tilgang på gode tilbod og tenester, og kommunen kan tilby gode rettleiingsprogram og gruppetilbod til familiar som treng det for å meistre kvardagen. Tiltaka er lydhøre for målgruppa sine behov (t.d. når det gjeld tidspunkt). Tiltaks koordinator syter for at årshjulet vert følgd.
- Barn opplever meistring, får kunnskap, opplevingar og samhald gjennom å delta i ulike kulturtilbod.

Verktøy og strategiar for å nå måla

- Dialogfremjande foreldresamtalar
- Rutiner for overgangar, tidleg innsats, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning
- Nettverk for pedagogar i 1. og 2. klasse med PPT; kompetanse og førebuing til arbeidet med nye elevar som strevar i regi av PPT
- SamBa – i ht årshjulet, BAPP- grupper to årleg, ICDP – gjennomføre grupper og skulere fleire rettleiarar
- Handlingsplan for vald, overgrep og omsorgssvikt
- Ulike lokale kulturtilbod innan musikk, biletkunst og drama.
- Program for psykisk helse, inkl MOT – i skule og ungdomsarbeid
- Aktivitetstilskot til lag og organisasjonar (tilskot til inkludering i organisert fritidsaktivitet)

Målsetting

Barna skal få erfaring med og hjelp til å tileigne seg kompetansar (kunnskapar, haldningar og handlingar) som gjer dei i stand til å kommunisere, samhandle og delta aktivt i framtidige yrkesmessige, samfunnsmessige og kulturmessige samanhengar. Når dei går ut av Sulaskulen skal dei kjenne til kor dei kan få støtte og hjelp, og skal ha fått oppfølging ved behov for å vere rusta for å meistre framtidige utfordringar.

Livsmestring og psykisk helse Samhandlingskompetanse

Tidleg og tverrfagleg innsats

2



Foto: Odd Solnørdal, Sulaposten

Verktøy og strategiar for å nå måla

- Program for systematisk arbeid med psykisk helse, herunder MOT
- Læringspartner som metode for å øve samhandlingskompetanse
- Vennegrupper/leikegrupper
- Friminuttsinspeksjon/ oppsøkjande verksemd i utekontakt/Helsestasjon for ungdom
- Elevundersøkjing og brukarundersøkjingar
- Utviklingssamtalar
- Eigenvurderingar i einingane

Teikn på god praksis

- Alle tilsette kjenner til og tilstrebar ei autoritativ vaksenrolle i møte med borna/unge og har ei felles tilnærming til korleis ein skal forstå utfordrande åtferd hos born. Tilsette rettleier føresette ved behov.
- Vaksne involverer seg positivt i relasjonsbygging med borna, og grip inn når det er behov for det.
- Dei tilsette har kunnskap om utviklinga til barn generelt og kjenner faresignala.
- Borna opplever å verte sett og høyrte og tekne på alvor
- Det er utvikla og teke i bruk eit kunnskapsbasert handlingsprogram for å styrke psykisk helse på definerte alderstrinn, gjennom heile læringsreisa. Programmet skal bidra til livsmestring her og no, og i møte med framtidige livsutfordringar. MOT inngår for ungdomsskulen.
- Felleskapskultur med mangfold og inkluderende aktivitetar kjenneteiknar kvardagen i barnehage, skule, sfo, og andre samhandlingsarenaer.
- Ein legg vekt på å utvikle medborgarkompetanse og sosialt medansvar gjennom arbeid i fag, elevsamarbeid, ansvarsoppgåver og andre konkrete tiltak t.d. i familien og lokalmiljøet.
- Ressurspersonar er skulert i program som styrkar sosial kompetanse

Oppfølging av planen

Einingsleiarane har ansvar for at dei ulike fokusområda vert innarbeid i einingane sine handlingsplanar slik at sektoren samla sett når måla for perioden. Dette vil verte følgt opp i mellomleiarnettverket, styringsdialog og utviklingsamtalar med kommunalsjef.

Det vil bli utarbeidd handlingsplanar og prosjekt basert på strategidokumentet. Innføring av rammeplan og læreplan, samt viktige lovendringar vil ha stor merksemd i perioden.

